



Eit imponerende nydyrkingsarbeid.

Dei tre brørne Kjell Arne, Trond Johannes og Geir Inge Myklebust i Kjærland Samdrift er særdeles driftige. I fjor dyrka dei opp eit bra areal ved sida av løa på garden på Øvre Feet som foreldra deira i si tid kjøpte frå Gudmund Feet. I år har dei gått vidare og dyrka opp eit enda større areal. Det er ein bekk som deler dei 2 felta.

Dei 3 brørne har gjort alt arbeidet sjølv med eigne maskinar, og det er verkeleg eit stort arbeid dei har gjort. Arealet dei no har dyrka opp var så fullt i stein at dei fleste tenkte vel det var umogeleg å få dyrka mark av det. Dette var verkeleg steinete skredjord!

Med stor innsats nærmar dei seg no målet! Dei mange store steinane er for lengst fjerna, og no er dei mindre steinane samla saman med steinsamlar. Det vert nok klart til såing om ikkje så altfor lenge.

Då har Kjærland Samdrift auka arealet sitt med dyrka mark med atskillege mål. Imponerende!!



Steinen ligg fint samla etter steinsamlaren

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.